

Saksbehandlar: Arvid Stenehjøm, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 14/7387-1

Prolongering av IA-avtalen - ny avtale periode gjeldande frå 2014 til 2018

Fylkesrådmannen rår hovudsamarbeidsutvalet til å gjere slikt vedtak:

- 1) Hovudsamarbeidsutvalet sluttar seg til intensjonane, arbeidsmåla og måten fylkeskommunen operasjonaliserer avtalen sine målsetjingar i tiltak.
- 2) Hovudsamarbeidsutvalet ber om at Frm-personal inviterer til samarbeid mellom einingsleiinga/LAMU lokalt, NAV-arbeidslivssenteret og bedriftshelsetensta for å yte bistand i einingane i samband med å konkretisere delmåla.
- 3) Hovudsamarbeidsutvalet ber om at IA-måla vert integret som ein del av verksemda sitt øvrige systematiske helse-, miljø- og tryggleiksarbeid.

Vedlegg:

- a) Partane sin signerte avtale - sentralavtalen
- b) Følgenotat
- c) Ny samarbeidsavtale - usignert

SAKSFRAMSTILLING

Underskriving av ny avtale om eit meir inkluderande arbeidsliv

Vi er inviterte til å fornye IA-avtalen mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Arbeids- og velferdsetaten ved NAV Arbeidslivssenter i Sogn og Fjordane. Denne samarbeidsavtalen byggjer på "*Intensjonsavtale om et mer inkluderende arbeidsliv 4. mars 2014 – 31. desember 2018 (IA-avtalen)*". IA-avtalen sitt overordna mål er:

- Å bedra arbeidsmiljøet, styrke jobbnærværet, førebygge og redusere sjukefråvær og hindre utstøytning og fråfall frå arbeidslivet.

IA-avtalen sine tre delmål på nasjonalt nivå er:

1. Reduksjon i sjukefråværet med 20 prosent i forhold til nivået i andre kvartal 2001. Dette betyr at sjukefråværet på nasjonalt nivå ikkje skal overstige 5,6 prosent.
2. Hindre fråfall og auke sysselsetting av personer med nedsett funksjonsevne.
3. Yrkesaktivitet etter fylte 50 år skal forlengast med tolv månader. Med dette meiner ein ei auking samanlikna med 2009 i gjennomsnittleg periode med yrkesaktivitet (for personer over 50 år).

Denne samarbeidsavtalen skal erstatte tidlegere samarbeidsavtaler. Også no vert vi utfordra på å konkretisere delmåla på einingsnivå. Det betyr at alle LAMU/einingar må opperasjonalisere mål og tiltak under kvart av dei tre delmåla. Slike delmål skal kunne etterprøvast og evaluerast i høve kva stor grad måla er nådd. Vår leverandør av bedriftshelsetenester (Stamina Helse) er

beden om å komme einingane i møte med bistand i samband med dette arbeidet. Vi legg også opp til å nytte bistand frå våre kontaktpersonar i NAV-arbeidslivsenteret og at Frm-person bidreg til å koordinere denne innsatsen.

Vi legg opp til at NAV-arbeidslivsenteret informerer HSU i møte og at den formelle underskrivinga av avtalen vil finn stad då. Det er avsett om lag 15 minuttar frå møtestart til dette.